



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Møterom, underetasje, Kommunehuset
Dato:	16.06.2009
Tid:	13:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Aslaug Jensen Sanden	Medlem	H
Helge Orten	Leiar	H
Magne Reiten	Nestleiar	SP
Frits Inge Godø	Medlem	V
Sissel Birgitte Henriksen	Medlem	AP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Geir J. Göncz	Rådmann
Anne Oterhals	Økonomisjef
Frank Westad	Personalsjef
Gunn Hole	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Helge Orten
Sign.

Magne Reiten
sign.

Aslaug J. Sanden
sign.

Frits Inge Godø
Sign.

Sissel Birgitte Henriksen
sign.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhold	Arkivsaknr
PS 09/34	Godkjenning av protokoll	
PS 09/35	Referatsaker	
PS 09/36	Økonomirapport for Midsund kommune per 30. april 2009	2009/331
PS 09/37	Rammeavtale om barnevernsamarbeid	2008/42
PS 09/38	Samarbeidsavtale om felles PP teneste for Aukra, Midsund og Molde kommune	2009/319
PS 09/39	Status framdrift prosjekt Midsund Skule og prosjekt nytt bufellesskap	2009/335
PS 09/40	Organisering av barnehagetilbudet	2009/329
PS 09/41	Tiltaksstrategiar for spesielle miljøtiltak i landbruket og nærings og miljøtiltak i skogbruket for Midsund kommune.2009-2012	2009/287
PS 09/42	Søknad om konsesjon på gnr 114, bnr 1. Midsund Bondelag sin ev. klagerett.	2008/432
PS 09/43	Delegasjonsinstruks ny planlov (PBL) frå 01.07.09	2009/313
PS 09/44	Utviding Nord Heggdal gravplass, samt ny veg opp til kapellet	2009/307
PS 09/45	TV-aksjonen 2009 - "Care - Hjelp til kvinner hjelper flere"	2009/311
PS 09/46	Ny avgift for graving av grav for utanbygdsbuande	2009/262
PS 09/47	Skjenkeløyve i forbindelse med Midsund Fiske- og Friluftsfestival.	2009/316
PS 09/48	Godkjenning av nestansvarleg Midsund Kro AS	2009/336

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

PS 09/34 Godkjenning av protokoll

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Protokoll frå møte i formannskapet 12.05.2009 blei samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Protokoll frå møte i formannskapet 12.05.2009 blei samrøystes godkjent.

PS 09/35 Referatsaker

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Det var ingen referatsaker oppe i møtet.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Det var ingen referatsaker oppe i møtet.

PS 09/36 Økonomirapport for Midsund kommune per 30. april 2009

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport 1. tertial 2009 til vitande.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Økonomisjef Anne Oterhals orienterte formannskapet om tertialrapport 1. tertial 2009.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Kommunestyret tek tertialrapport 1. tertial 2009 til vitande.

PS 09/37 Rammeavtale om barnevernsamarbeid

Forslag til vedtak:

- 1- Midsund kommune ønskjer at det etablerte interkommunale ROR-samarbeidet på barnevernområdet held fram og sluttar seg til vedlagte rammeavtale om samarbeid mellom nabokommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes.
- 2- Kostnaden ved ei 20% stilling for å vidareføre/koordinere samarbeidet blir finansiert etter eit kronebeløp pr. innbyggjar av dei kommunane som vedtek rammeavtalen
- 3- Beløpet skal dekkast innafor ramma til 3600 Barnevern

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Det vart fremma forslag frå ordførar Helge Orten (H) om å legge til eit punkt nr. 4 :

4- Det er ein forutsetnad at fleirtalet av kommunane er med på avtalen.

Forslag frå ordføraren blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

- 1- Midsund kommune ønskjer at det etablerte interkommunale ROR-samarbeidet på barnevernområdet held fram og sluttar seg til vedlagte rammeavtale om samarbeid mellom nabokommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes.
- 2- Kostnaden ved ei 20% stilling for å vidareføre/koordinere samarbeidet blir finansiert etter eit kronebeløp pr. innbyggjar av dei kommunane som vedtek rammeavtalen
- 3- Beløpet skal dekkast innafor ramma til 3600 Barnevern
- 4- Det er ein forutsetnad at fleirtalet av kommunane er med på avtalen

PS 09/38 Samarbeidsavtale om felles PP teneste for Aukra, Midsund og Molde kommune

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune godkjenner vedlagte avtaleutkast om felles PP-teneste for Aukra, Midsund og Molde kommune.
2. Midsund kommune delegerar sin myndigheit eller lov om kommunar og fylkeskommunar §28a, jf. avtalen sitt pkt 2-1.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

1. Midsund kommune godkjenner vedlagte avtaleutkast om felles PP-teneste for Aukra, Midsund og Molde kommune.
2. Midsund kommune delegerar sin myndigheit eller lov om kommunar og fylkeskommunar §28a, jf. avtalen sitt pkt 2-1.

PS 09/39 Status framdrift prosjekt Midsund Skule og prosjekt nytt bufellesskap

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Midsund kommunestyre tek saka til vitande.

PS 09/40 Organisering av barnehagetilbodet

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret i Midsund tek utgreiing om organisering av barnehagetilbodet til vitande
2. Kommunestyret i Midsund vedtek bygging av ein ny kommunal barnehage
3. Ny barnehage vert bygd i området nedanfor (vest) for idrettsbana
4. Ny barnehage vert normert for 72 plassar.
5. Rådmannen får fullmakt til å utgreie eit grunnlag for totalentreprise innanfor ei investeringsramme på 12.5 mill kr.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet i Midsund blei utdelt på møtet.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

1. Kommunestyret i Midsund tek utgreiing om organisering av barnehagetilbodet til vitande
2. Kommunestyret i Midsund vedtek bygging av ein ny kommunal barnehage
3. Ny barnehage vert bygd i området nedanfor (vest) for idrettsbana
4. Ny barnehage vert normert for 72 plassar.
5. Rådmannen får fullmakt til å utgreie eit grunnlag for totalentreprise innanfor ei investeringsramme på 12.5 mill kr.

PS 09/41 Tiltaksstrategiar for spesielle miljøtiltak i landbruket og nærings og miljøtiltak i skogbruket

for Midsund kommune.2009-2012

Forslag til vedtak:

Midsund formannskap godkjenner dei framlagde tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i landbruket og nærings og miljøtiltak i skogbruket for Midsund kommune for perioda 2009-2012.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Skriv frå beitelaget ved Per Kåre Ræstad vedr. prioriteringar av smil midlar blei uttelt i møtet.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Midsund formannskap godkjenner dei framlagde tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i landbruket og nærings og miljøtiltak i skogbruket for Midsund kommune for perioda 2009-2012.

PS 09/42 Søknad om konsesjon på gnr 114, bnr 1.

Midsund Bondelag sin ev. klagerett.

Forslag til vedtak:

Midsund kommune gir Midsund bondelag ikkje rettsleg klagerett på Midsund kommune sitt vedtak om innvilging av konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl på kjøp av gnr 114, bnr 1 i Midsund.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Saka blei behandla fyst i formannskapsmøtet.

Frits Inge Godø (V) stilte spørsmål om sin habilitet, han blei samrøystes kjent inhabil.
Eli Linda Nesje (KRF) stilte.
5 voterande.

Vedlegg til saka blei utdelt på møte.

Magne Reiten (SP) fremma følgande forslag:

*Midsund kommune gir Midsund bondelag rettsleg klagerett på Midsund kommune sitt vedtak om innvilging av konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl på kjøp av gnr 114, bnr 1 i Midsund.
Klagen frå Midsund bondelag oversendast fylkesmannen som rette klageinnstans.*

Votering: Rådmannens forslag til vedtak blei vedteke med 4 mot 1 stemme.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Midsund kommune gir Midsund bondelag ikkje rettsleg klagerett på Midsund kommune sitt vedtak om innvilging av konsesjon til Arvid Kvisterød m.fl på kjøp av gnr 114, bnr 1 i Midsund.

PS 09/43 Delegasjonsinstruks ny planlov (PBL) frå 01.07.09

Forslag til vedtak:

1. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til formannskapet all den myndigheit som i någjeldande plan- og bygningslov er lagt til det faste utval for plansaker, men som i den nye lov vil ligge til kommunestyret.
2. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til planutvalet sin myndigheit etter plan- og bygningsloven (plandelen) til utlegging av forslag om reguleringsplanar til offentlig ettersyn i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, sin myndigheit til å gjøre vedtak om dispensasjon frå reguleringsplanar, sin myndigheit til å gjøre vedtak om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå kommunedelplanar.
3. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til rådmannen sin myndigheit etter plan- og bygningsloven (plandelen) til å vedta mindre vesentlige reguleringsendringar i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
4. Kravet i den nye plan- og bygningslovs § 3-3 tredje ledd om å etablere ei særskild ordning for å ivareta barn og unge sine interesser, vert oppfylt ved at någjeldande ordning med ein barnetalsperson med tale- og forslagsrett i planutvalet vert vidareført.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

1. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til formannskapet all den myndigheit som i någjeldande plan- og bygningslov er lagt til det faste utval for plansaker, men som i den nye lov vil ligge til kommunestyret.
2. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til planutvalet sin myndigheit etter plan- og bygningsloven (plandelen) til utlegging av forslag om reguleringsplanar til offentlig ettersyn i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, sin myndigheit til å gjøre vedtak om dispensasjon frå reguleringsplanar, sin myndigheit til å gjøre vedtak om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå kommunedelplanar.
3. Med verknad frå 1.7.2009 delegerar kommunestyret til rådmannen sin myndigheit etter plan- og bygningsloven (plandelen) til å vedta mindre vesentlige reguleringsendringar i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
4. Kravet i den nye plan- og bygningslovs § 3-3 tredje ledd om å etablere ei særskild ordning for å ivareta barn og unge sine interesser, vert oppfylt ved at någjeldande ordning med ein barnetalsperson med tale- og forslagsrett i planutvalet vert vidareført.

PS 09/44 Utviding Nord Heggdal gravplass, samt ny veg opp til kapellet

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre vedtek å oppruste eksisterande bygg og anlegg ved Nord Heggdal kapell i samsvar med alternativ 4. Totalramma blir sett til kr. 700.000.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Det vart fremma fellesforslag frå formannskapet:

Midsund kommunestyre vedtek å byggje ny veg og parkeringsplass fram til Nord-heggdal kapell.

Votering: Formannskapet sitt fellesforslag blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Midsund kommunestyre vedtek å byggje ny veg og parkeringsplass fram til Nord-heggdal kapell.

PS 09/45 TV-aksjonen 2009 - "Care - Hjelp til kvinner hjelper flere"

Forslag til vedtak:

Komite for TV-aksjonen Care – Hjelp til kvinner hjelper flere:

Leiar:	Magne Reiten
Medlem:	Arnstein Misund – Sparebanken Møre
Medlem:	Ein representant frå Ungdomsrådet
Medlem:	Ein representant frå Eldrerådet
Medlem:	Ein representant frå administrasjonen

Midsund kommune løyver kr 6 000,- til årets TV aksjon 2009.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Komite for TV-aksjonen Care – Hjelp til kvinner hjelper flere:

Leiar: Magne Reiten
Medlem: Arnstein Misund – Sparebanken Møre
Medlem: Ein representant frå Ungdomsrådet
Medlem: Ein representant frå Eldrerådet
Medlem: Ein representant frå administrasjonen

Midsund kommune løyver kr 6 000,- til årets TV aksjon 2009.

PS 09/46 Ny avgift for graving av grav for utanbygdsbuande

Forslag til vedtak:

Avgift for graving av grav til utanbygdsbuande blir høgda til kr. 1.500,-.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtakk.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Avgift for graving av grav til utanbygdsbuande blir høgda til kr. 1.500,-.

PS 09/47 Skjenkeløyve i forbindelse med Midsund Fiske- og Friluftsfestival.

Forslag til vedtak:

Midsund Kro AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3 i/ved eige telt på butikksentret i samband med gjennomføring av arrangementet Midsund Fiske- og Friluftsfestival.

Skjenkeløyve gjeld for perioden 10.07.09 – 12.07.09.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett til kl 15.00 - 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 vert i denne perioden sett til kl 20.00 – kl 02.00.

I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all servering/skjenking finne stad i telt og tilgrensa område.

Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir avstengt, gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Ordfører Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Endre tidspunktet frå kl 15.00 til 12.00 i avsnittet : skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett til kl 12.00 – 02.00.

Forslaget frå ordføraren ble vedteke med 4 mot 1 stemme.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Midsund Kro AS får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3 i/ved eige telt på butikksentret i samband med gjennomføring av arrangementet Midsund Fiske- og Friluftsfestival.

Skjenkeløyve gjeld for perioden 10.07.09 – 12.07.09.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert i denne perioden sett til kl 12.00 - 02.00.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 3 vert i denne perioden sett til kl 20.00 – kl 02.00.

I den tida festivalområdet ikkje er avsperra skal all servering/skjenking finne stad i telt og tilgrensa område.

Når festivalområdet, dette inkluderer også opphaldsrom for artistane, blir avstengt, gjeld skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 heile området slik det er vist på vedlagt kart.

PS 09/48 Godkjenning av nestansvarleg Midsund Kro AS

Forslag til vedtak:

Ragnar Amundsen, f. 28.12.1978 vert godkjent som nestansvarleg ved Midsund Kro AS.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2009

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2009

Ragnar Amundsen, f. 28.12.1978 vert godkjent som nestansvarleg ved Midsund Kro AS.

